



DET KONGELEGE  
KUNNSKAPSDEPARTEMENT

JUSTISDEPARTEMENTET	
22 DES 2009	
SAKSNR.:	200906861
AVD/KONT/BEH:	LOV/EP/KSI
DOK.NR.	24
ARKIVKODE:	

Justis- og politidepartementet  
Postboks 8005 Dep  
0030 OSLO

Dykkar ref  
200906861

Vår ref  
200905477-/KNA

Dato  
18.12.2009

**Tilbakemelding frå Kunnskapsdepartementet til høyring forslag til endringar i inkassoforskrifta og inkassolova som følgje av direktiv 2005/36/EF og direktiv 2006/123/EF**

Vi viser til brev av 5. november 2009 vedrørende ovannemnte høyring.

I forslaget § 6-2 *Melding om midlertidig inkassovirksomhet* er det i andre ledd bokstav c) eit krav om at det skal vedleggast kvalifikasjonsprov saman med meldinga om midlertidig tenesteyting. Etter vår meining er ikkje den norske førebelse oversettinga frå Utenriksdepartementet korrekt. I følgje den engelske versjonen av direktivet kan ein krevje at det saman med meldinga leggest ved "evidence of professional qualifications", i den svenske versjonen er det oversatt til "bevis på yrkeskvalifikasjoner". Vi foreslår at *kvalifikasjonbevis* erstattast med *bevis på yrkeskvalifikasjoner*. Det er ei litt vidare tyding enn det som er nemnt i forslaget til forskrift då dette også kan vere prov for yrkeserfaring og ikkje berre eit kvalifikasjonsprov, jf definisjonen til yrkeskvalifikasjonar i artikkel 3 nr. 1 bokstav b) *Yrkeskvalifikasjoner, kvalifikasjoner bevitnet med kvalifikasjonsbevis, en kompetanseattest som nevnt i artikkel 11, bokstav a) i), og/eller yrkeserfaring.*

Med helsing

  
Harald E. Nybølet (e.f.)  
avdelingsdirektør

  
Knut Astad  
seniorrådgivar